



### › 3 Fellesutgifter - fellesinntekter

På dette området blir det ført inntekter og utgifter som er felles for heile kommunen sin organisasjon, og som ikkje kan knytast opp mot ein skilde einingar eller stab

#### 2. Kjerneverksemd

Teneste	3 Fellesutgifter/fellesinntekter - kommunedirektøren sitt forslag	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
<b>Alle tal i heile 1000</b>							
1212	GENERELLE PERSONALPOLITISKE TILTAK	1 057	1 377	1 424	1 424	1 424	1 424
1215	GENERELLE ARBEIDSMILJØTILTAK	850	418	213	213	213	213
1240	DIVERSE FELLESFUNKSJONAR	13 966	10 578	11 195	11 195	11 195	11 195
1700	ÅRETS PREMIEAVVIK KLP	-2 846	-12 939	-4 000	-4 000	-4 000	-4 000
1701	ÅRETS PREMIEAVVIK SPK	205	-104	-104	-104	-104	-104
1710	AMORTISERT PREMIEAVVIK KLP	7 646	8 714	5 388	5 388	5 388	5 388
1711	AMORTISERT PREMIEAVVIK SPK	123	455	455	455	455	455
1720	PENSJON	175	0	0	0	0	0
1730	PREMIEFOND	-3 992	-2 853	-5 135	-5 135	-5 135	-5 135
1800	DIVERSE FELLESENTGIFTER	16	337	0	0	0	0
2110	FØRSKULE OG PRIVATE BARNEHAGAR	114	211	223	223	223	223
2120	GRUNNSKOLE	296	236	263	263	263	263
2343	KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	210	236	243	243	243	243
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	338	1 071	258	258	258	258
2546	GISKE OMSORGSSENTER	251	253	213	213	213	213
2548	BUFELLESSKAP FUNKSJONSHEMMA	114	0	290	290	290	290
2549	KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	0	0	0	0	0	0
<b>Sum ramme 3 fellesutgifter/fellesinntekter</b>		<b>18 524</b>	<b>7 992</b>	<b>10 927</b>	<b>10 927</b>	<b>10 927</b>	<b>10 927</b>

Teneste 1212 og 1215

Her blir det ført løn til frikjøpte tillitsvalde og hovudverneombod, bedriftshelseteneste, velferdsordningar og kursutgifter på tvers av einingane.

### **Teneste 1240**

Under teneste 1240 diverse fellesfunksjonar er det budsjettert med felles utgifter som:

- Felles kontormateriell på rådhuset
- Beverting til møte og kurs
- Utgifter til porto, telefon og datakommunikasjon
- Kommunen si ansvarsforsikring
- Lisensar og serviceavtaler for felles IT-program og utstyr
- Utgifter til leige av kopimaskiner
- Serviceavtalear for anna teknisk utstyr som felles kopimaskiner m.v.
- Kontingent til Kommunenes Sentralforbund KS
- Overføringar til Sunnmøre Regionråd
- Avskrivningar på felles IT-program og utstyr

### **Teneste 1700 - 1730**

Premieavvik og amortisering av premieavvik frå KLP og SPK er budsjettert på ansvar 1300.

Premieavviket er forskjellen mellom innbetalt premie og berekna pensjonskostnad.

Premieavviket er budsjettert med bakgrunn i tal frå Kommunal Landspensjonskasse og Statens Pensjonskasse og avstemt mot samla pensjonskostnad. Premieavviket blir anslått til kr 4 100 000, inkludert arbeidsgiveravgift. Dette er tal som skal budsjetterast som inntekt.

Tilsvarande er amortisert premieavvik berekna til kr 5 843 000

Sidan det er forskjell mellom premieinnbetaling og berekna pensjonskostnad, vil effekten for Giske kommune bli at likviditeten også i 2022 blir forverra.

Giske kommune sitt akkumulerte premieavvik inkl. arbeidsgjevaravgift var ifølge kommunen sin balanserekneskap pr. 31.12.2020 på 25,7 mill. kr og kan ved utgangen av 2022 kome opp i 29 mill. kr.

Dette premieavviket skal utgiftsførast i rekneskapen i løpet av 15 år, for premieavvik oppstått før 2011 og over 10 år for premieavvik oppstått i perioden 2011 – 2014, og 7 år for premieavvik oppstått frå 2015. Dette betrar såleis budsjetbalansen i høve til om kommunen ikkje fordelte dette over dei 7 åra.

Giske kommune har lagt pensjonen ut på anbod. Det er lagt inn ei forventta innsparing på kr 3 732 000. Dette er fordelt med kr 2 282 000 i ramme 3 som bruk av premiefond, resten kr 1 450 000 er lagt på overordna ansvar med redusert overføring til kapitalrekneskapen.

### **Tenestene 2110, 2120, 2343 og 2540**

Løn til lærlingar er ført her. Giske kommune har totalt 7 lærlingar: 4 helsefagarbeidarar, 2 barne- og ungdomsarbeidarar og 1 kokk. Vi har avtale med Sunnmøre kommunale opplæringskontor om administrasjon av lærlingordninga, og vi får kr. 20 000,- i tilskot per lærling frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Lærlingar frå Giske kommune har i fleire år delteke i opplæringskontoret si rekrutteringspatrolje der målet er å rekruttere ungdomskuleelevar til fagarbeidarutdanning.